

Kommunikasjonsreglar

- ▶ Få augekontakt før du startar å snakke.
- ▶ Snakk direkte til den som har nedsatt høyrsel.
- ▶ Plasser deg slik at lyset fell på ansiktet ditt.
- ▶ La munnen din være godt synleg (ikkje spis og snakk).
- ▶ Snakk tydeleg og ikkje for fort (eller for sakte).
- ▶ Gjenta, men ordlegg deg på ein annan måte, dersom den som har høyrselstap, ikkje oppfattar. Ikkje rop!
- ▶ Unngå unødvendig støy.
- ▶ Fortel kva det er snakk om når du held på med ein samtale.
- ▶ Fortel det når du skifter tema.
- ▶ Snakk éin om gongen - ikkje snakk i munnen på kvarandre.
- ▶ Fortel kva som er årsaken når du ler.
- ▶ Hugs at det er umogleg å sjå på to ting på éin gong.
- ▶ Bruk gjerne gester som peking eller hovudvending for å understreke bodskapen eller kven som tar ordet.